

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik kafe og Thai takeaway as - Ombygging/ utvikling av bedrift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Ombygging/ utvikling av bedrift* kr 20 000 til arbeidet med digitalisering og nettbutikk frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Yngve Walaker-UAVH er medeigar i bedrifta som søker om tilskot, og han er difor inhabil og deltok ikkje i handsaminga av saka. Heine Fyllingsnes-H møtte som varamedlem for Walaker i denne saka. Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 079/21 Vedtak:

Prosjektet *Ombygging/ utvikling av bedrift* blir tildelt kr 20 000 til arbeidet med digitalisering og nettbutikk frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Bransje: 56.101 Drift av restauranter og kafeer. Registrert 14.11.2017.

Saksopplysningar:

På grunn av arbeidet med utvidinga av E39, må inngangspartiet byggast om då utvidinga av vegen tar vekk eksisterande parkeringsplassar ved eksisterande inngangsparti. Det er også planar om å utvide servicetilbodet.

Om prosjektet

Prosjektet søker støtte til ombygging av butikk, digitalisering og nettbutikk. Det vil også opparbeidast plass for uteservering.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å legge til rette for eit betre servicetilbod med nettbutikk, tilpassa tilkomst etter utviding av E39 og uteservering.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Ombygging/ utvikling av bedrift	250 000	125 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden om digitalisering og nettbutikk innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, innovasjon og sysselsetting.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Knarvik Kafe og Thaitakeaway_soknad-2021-0008_25 1574516
mar 2021